

Mindre besøk i TI-aren

27.10.2009

Det har vore mindre besøk i TI-aren Cafe no i oktober enn tidlegare i haust, med uvis grunn. Dei iherdige dugnadsdamene opplyser til uskedalen.no at det denne tysdagen har vore innom 18 vaksne og 4 barn.

For ei veke sidan var bøkstala 22 vaksne og 4 barn og for to veker sidan 23 vaksne og 10 barn.

- Når barnetala har gått ned har det sikkert ein samanheng med at ungane er i barnehagen, seier damene. Men nedgangen i talet på vaksne har dei inga bestemt forklaring på.